

# **Masteroppgåve om Coworking som lokal og regional utviklingsverktøy for norske distriktskommunar**

## **Tema for masterprosjekt**

Coworking, som ofte også er kjent som kontorfellesskap på norsk, er blitt meir og meir populær som arbeidsplass for verksemder og individ, både internasjonalt, men også i stor grad i Noreg. I eit kontorfellesskap deler brukarane kontor med mange forskjellige typar folk og verksemder, som fører til at ein kan utvide nettverksforbindelsane sine i det profesjonelle miljøet, og dermed potensielt skape nye relasjonar og samansetningar gjennom felles prosjekt og samarbeid.

Som ein del av auka digitalisering og fleksibilitet i arbeidskvardagen opnar coworking opp for moglegheiter for å kunne arbeide frå andre, mindre sentrale lokasjonar enn storbyane, og næringsaktiviteten kan i teorien lokaliserast «kor som helst». Masteroppgåva vil utforske potensialet coworking har for å skape nye arbeidsplassar i distrikta i samheng med kommunane sine lokale- og regionale utviklingsstrategiar. Særleg vil fokuset vere på coworking sin relasjon til stadutvikling og strategiar for å lokke fleire innbyggjarar. Med andre ord utforskar prosjektet korleis fleksible og digitale kontorarbeidsplassløyningar kan ha påverknad på kor ein kan busetje seg. Prosjektet utforskar moglegheitene coworking kan tilby for den samfunnsmessige utviklinga for kommunar. Eventuelle barrierar og utfordringa som må overkommast hos kommunane og kontorfellesskapa i sine unike regionale kontekstar blir også utforska.

Kommunane si rolle i planlegging, tilrettelegging, og i nokre tilfelle drift av coworkingetableringane vil i tillegg vere eit eige fokusområde. I den samheng vil prosjektet utforske kva rolle kommunane kan ha som støttespelar eller som aktiv aktør for å få til eit fungerande kontorfellesskap i sine kontekstar.

## **Feltarbeid som treng finansiell støtte**

Frå juni 2023 til august 2023 vil feltarbeidet, og dermed innsamling av datagrunnlaget for masterprosjektet, bli gjennomført. Innsamling av data vil vere gjennom kvalitative djupneintervju med aktuelle nøkkelinformantar frå både distriktskommunar med kontorfellesskapsetableringar, og med sjølve leiinga/eigarane av kontorfellesskapa. I denne forbindelse vil det vere finansielle utgifter til transport for å komme seg til og frå feltlokasjonane, samt, om det er nødvendig, til opphald/overnatting. Leigebil kan også vere

aktuelt for å kome seg til/frå lokasjonar som ligg relativt nære, men der avstandar eller kollektivtilbod i distrikta er ei utfordring.

I mi masteroppgåve vil det vere mellom 7 og 12 forskjellige feltlokalitetar totalt. Talet på lokalitetar som eg ender opp med er påverka av dei finansielle midla eg har tilgjengeleg. Kor i landet og dermed kva feltlokalitetar eg vel, vil også vere påverka av det finansielle. Det er ei kjend problemstilling at distriktskommunane ikkje alltid er dei som er lettast å kome seg til då det er få framkomstalternativ, særleg innanfor rimeleg pris. Dette kan potensielt få negative konsekvensar for resultatet til forskinga og robustheita i forskingsfunna, då dei «billige» lokasjonane blir vald, framfor dei som sit med det beste datagrunnlaget med riktige karakteristikkar for forskingsfeltet. Per no ser eg allereie at feltarbeid nord for Trondheim er dei som ryker fyrst, då det store spranget i framkomstutgifter fort sluker heile feltarbeidsbudsjettet. Meir finansieringsstøtte kan dermed bidra til fagleg meirverdi ved at fleire caser/lokasjonar kan belyse eit større mangfald av erfaringar om korleis coworking kan gå inn som tiltak for stadutvikling i rurale kommunar. Dess fleire erfaringar og datagrunnlag studiet har, dess betre og meir solide vil resultat også bli.

### **Kva får Fedje kommune ut av å støtte masterprosjektet**

Coworking i seg sjølv blir framstilt som eit verktoy for å bidra til å plassere fleire arbeidsplassar i distriktskommunane. Dette kan igjen føre til stor nytte for lokalsamfunnet ved å auke næringsverksemd og aktivitet i kommunen, då fleire kan skape liv og nytte seg av lokale tilbod og tenester. Ikkje minst kan det ha potensiale til å trekke fleire innbyggjarar som kan ta med seg jobben sin til kontorfellesskapet, eller at nye verksemdar vil la seg etablere med tilgang på ein betre plattform å drive bedrift frå. Dermed er det rimeleg å anta at Fedje kommune vil dra nytte av denne forskinga og kunnskapen den produserer, då dei potensielle resultatane kan nyttast i kommunens vidare utviklingsstrategiar.

Ved å støtte masterprosjektet vil Fedje kommune også vere med å støtte forskning på samfunnsutvikling som vil kome fleire lokalsamfunn og regionar til gode. I tillegg er ikkje dette berre ei enkelt, uavhengig masteroppgåve med avgrensa påverknad, men den er ein del av eit større studie som blir gjennomført av to anerkjende forskarar og professorar ved UiB (Grete Rusten og Knut Bjarne Hidle), der resultatane blir publisert i kjende forskingskanalar og journalar. Her er ei lenke for meir informasjon om dette forskingsprosjektet <https://www.uib.no/fg/samfunnsgeo/160650/coworking-og-egional-utvikling>.

## **Mogleg støtte til masteroppgåva**

Som masterstudent ved UiB får eg i mitt tilfelle berre dekka ei reise i felt opp til 4000 kr. Heldigvis er masteroppgåva knytt til forskingsprosjektet nemnd ovanfor, og får dermed 10.000 kr ekstra i støtte til utgiftene ved feltarbeidet. Som sagt har eg eit håp om å ende opp med mellom 7-12 forskjellige lokasjonar av distriktskommunar som har etablert kontorfellesskap hos seg, men berre éi av desse reisene blir dekka av universitetsmidlane. Resten kan potensielt vere vanskeleg å få til innanfor dei ekstra 10.000 eg får gjennom forskingsprosjektet, men det blir i så fall eit selektivt utval av kva lokasjonar som blir prioritert innanfor det potensielle budsjettet. Feltarbeidet er fortsatt under tidleg utforming, så dei faktiske tala for eit budsjett er ikkje ferdig.

**Om Fedje kommune ser verdien av å støtte dette masterprosjektet finansielt, så vil ein sum på 10.000-15.000 vere it veldig godt finansielt bidrag** for å bygge det nødvendige datagrunnlaget, med solid og robust fagleg utbytte. Eg vil uansett vere takksam for kva som helst bidrag, lite eller stort, og i kva som helst form, om kommunen ser at dette masterprosjektet kan vere verdt å støtte.

Uavhengig av om masteroppgåva får finansiell støtte i nokon som helst samanheng så ynskjer eg å dele resultatet frå studiet med kommunen, då eg har ein forkjærleik til heimkommunen min Fedje, og vil bidra til at kommunen får tilgang på ny kunnskap om korleis ein kanskje kan utvide strategihorisonten for å lokke fleire innbyggjarar til landsbyen i havet.

Dette er ein heilt open henvendelse for å kartleggje moglegheitsrom for å potensielt få tildelt finansiell støtte. Det er ikkje meint som ein formell søknad, men for å starte ein dialog med kommunen om prosjektet. Eg svarar gjerne på spørsmål om det skulle vere noko som helst, på både mail og telefon.

Med venleg helsing oppvekst fedjing

Elisabeth K. Husa

Telefon: 41 41 76 80

E-post: [elisabeth.husa@student.uib.no](mailto:elisabeth.husa@student.uib.no)

### **Rettleiar og prosjektansvarleg:**

Grete Rusten

Institutt for geografi

Universitetet i Bergen

Telefon: 55 58 31 49 / 92 83 75 65

E-post: [grete.rusten@uib.no](mailto:grete.rusten@uib.no)